

## Ring eller stikk innom

Ring 977 25 318.  
Om du ikkje når fram  
kan du ringa  
servicetorget i  
Time kommune  
på telefon 51 77 60 00.

Synes du det er  
enklare å stikka innom,  
held me til i 2. etasje  
på Bryne helsestasjon,  
Hulda Garborgsveg 8.

Me har ope  
måndag-fredag  
kl. 08.00-15.00.




Time kommune

Postboks 38, 4349 Bryne • Tlf. 51 77 60 00 • Faks 51 48 15 00  
E-post: [post@time.kommune.no](mailto:post@time.kommune.no) • [www.time.kommune.no](http://www.time.kommune.no)

FAMILIE  SENTERET



Eit ressurscenter for å  
styrka relasjonane  
i familien



Time kommune



Nokre gonger kan utfordringane i kvardagen verta ekstra store. Slitasjen vert høg, og konfliktane fastlåste. Kan henda oppstår det ekstra vanskar i foreldrerolla. Då kan det vera godt å få drøfta situasjonen med andre.

På Familiesenteret treff du fagfolk med erfaring. Me tilbyr rettleiing i forholdet mellom foreldre og barn. Det kan gjera dykk som foreldre betre i stand til å takla utfordringane de måtte ha.

Me har teieplikt. Tilbodet er gratis.

På familiesenteret kan familien få støtte og hjelp til å takla utfordringane i kvardagen.

### **Rask hjelp:**

Innan to veker får du tilbakemelding på førespurnaden din.

### **Dette kan familiesenteret tilby:**

- samtalar med heile, eller deler av familien
- individuelle samtalar
- foreldrerettleiing etter Marte Meo-metoden
- grupperettleiing for foreldre etter Webster Stratton-programmet; «Dei utrulege åra» (DUÅ)
- grupper for mødre med reaksjonar etter fødsjar
- grupper for barn og unge som har foreldre med helsemessige utfordringar, som psykiske vanskar, kronisk sjukdom, eller at dei strevar med rus
- inngå samarbeid med andre tenester etter behov

### **Kven kan oppsøkja oss?**

- familiar med barn mellom 0-18 år
- foreldre som uroar seg og/eller har vanskar i foreldrerolla
- andre instansar som arbeider saman med familien (barnehage, skule osv.)